

## Komplett idioti frå Nei til EU

Ei slik overskrift trudde eg aldri eg skulle bli nøydd å skrive. Eg har vore medlem av Nei til EU sidan 1990, like etter at organisasjonen blei oppretta. Eg har vore lokallagsleiar og fylkesstyremedlem og deltatt på fleire landsmøte. Det har sjølv sagt ikkje vore semje om alt, men diskusjonar som ein demokratisk organisasjon må ha. I seinare år har eg ikkje vore aktiv, men prioritert anna arbeid. Men eg har alltid syntes det var greitt å vere medlem i Nei til EU. Eg har oppfatta det som ein brei organisasjon med plass til alle, unntatt reine rasistar. Heilt til i dag. Eg får sjokk når eg les denne artikkelen, som står på Nei til EU sine egne sider, og derfor dessverre ikkje kan vere andre si forvrenging: <https://neitileu.no/.../nei-til-eu-tar-avstand-fra-steigan.no> Nokon i leiinga i Nei til EU har altså fått det for seg at dei ønsker å snevre inn organisasjonen og gjøre han til ein del av den amerikanske kampanja mot alle medier som har motførestillingar mot NATO sin versjon av krigen i Ukraina.

Så vidt eg veit har Nei til EU aldri før tatt standpunkt mot noko bestemt avis, nettavis, tidsskrift, forlag eller annan publikasjonskanal i Noreg. Når dei no gjør det, er det ikkje mot media som støttar EU, men mot ei nettavis som heile tida har gått mot EU og mot norsk medlemskap. I tillegg til å ta avstand frå ein nettstad og alt dens vesen skal Nei til EU legge seg opp i kor medlemmar og tillitsvalde får lov å publisere artiklar! Det er da ikkje eit ord mot om vi publiserer på Ja til EU-organ som VG, Aftenposten, Dagens Næringsliv eller Dagsavisen, for ikkje å snakke om alle Amedia og Schibsted sine aviser rundt i landet. Ikkje snakk om å nekte oss å skrive i Nordnorsk Debatt, som har publisert tusenvis av antisemiske innlegg.

Grunngivinga er at steigan.no visstnok "sprer konspirasjonsteorier, vaksineskepsis, antisemittisme og unnskyldninger for Russlands invasjon av Ukraina." Ikkje at redaksjonen står for dette, men at ein lar slike haldningar komme fram, at ein ikkje sensurerer dei bort. Vi skal altså ikkje bare sensurere uønska synspunkt, men vi skal boikotte alle som ikkje sensurerer! Når blei ytringsfridom i strid med Nei til EU sitt politiske grunnlag?

Toppen er likevel det som står sist i artikkelen:

«Medlemskap er uforenlig med enhver rasistisk aktivitet eller argumentasjon»

Når dette blir kopla på her, må det oppfattast som at ein meiner det å støtte, skrive for eller kanskje til og med å lese steigan.no er ein rasistisk aktivitet. Og at dette er uforenlig med medlemskap i Nei til EU. Det er så grovt at eg har vanskelig for å finne ord.

Underteikna har skrive debattinnlegg i aviser i rundt 50 år, og eg har skrive i dei organa som vil ta det inn. I motsetning til f.eks. Aftenposten, der eg aldri får inn noko, og Klassekampen, der eg kanskje får inn tredje kvart innlegg, får eg meir enn halvparten inn i steigan.no. Ikkje nokon av påstandane mot steigan.no råkar innlegga mine, men eg skal altså trugast med eksklusjon frå Nei til EU fordi eg har publisert artiklar der, og fordi eg aktar å halde fram med det. For min del kan eg godt forsvare meg i ein slik prosess, men eg er redd han blir svært øydeleggende for Nei til EU. Når det gjeld skuldningane mot steigan.no, skal eg ikkje her gå inn på alle dei, det tar for mye plass, men kort sagt meiner eg skuldningane om antisemittisme og rasisme er feil og utan grunnlag. Når det gjeld vaksineskepsis visste eg faktisk ikkje at dette var eit brotsverk og at det hørte til Nei til EU sitt grunnlag å forsvare FHI og legemiddelindustrien. Det må vere ein rett å sette kritisk søkelys på dette, sjølv om eg personlig ikkje er enig med Steigan på dette området, vil eg forsvare retten hans til å seie det. Nei til EU vil hevde eit forbod mot konspirasjonsteoriar. Korleis og kven skal overhalde dette? I ei verd full av konspirasjonar skal vi ikkje ha lov å avsløre dei, eller mistenke at vi ser dei.

Det går ikkje fram kva organ i Nei til EU som står bak dette. Men eg vonar at medlemmane vil reise seg og krevje slutt på dette tøvet. Nei til EU si oppgåve er å hindre norsk EU-medlemskap og ikkje bli eit organ for kampen mot ytringsfridomen.